

Protokoll for årsmøte 2020 i Aktiv+		
Dato: 10. mars 2020	Møtetidspunkt: 12.00 – 12.30	Møtestad: Møterom Sotra Arena
Saksliste: <ol style="list-style-type: none"> 1. Opning 2. Godkjenning av innkalling og saksliste 3. Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen 4. Årsmelding 2019 5. Rekneskap 2019 og revisor-rapport 6. Handlingsplan for komande år 7. Budsjett 2020 og fastsetning av medlemskontingent 8. Val 9. Avslutning 		
Sak 1 – Opning Fungerande leiar Gunnar Angeltveit opna årsmøtet med å ynskje alle velkomne. Talet på frammøtte var: 31 medlemmar		
Sak 2 – Godkjenning av innkalling og saksliste Alle årsmøtedokumenta var lagt ut i mottaket på Sotra Arena tysdag 03.03.20 og har vore tilgjengelege på Frivilligsentralen/Biblioteket på Straume, pluss at informasjon om dette har vore lagt ut på Facebook sida til Aktiv+ med link til kommunen sine heimesider. Vedtak: Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.		
Sak 3 – Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen. Som møteleiar vart vald: Egil Haaland Som referent i samsvar med vedtektene vart vald: Irene Evensen Til å skrive under protokollen vart vald: Karin Bjærum og Gertrud Garmann. Vedtak: Alle vart samrøystes valde.		
Sak 4 – Årsmelding for perioden 01.01.2019 – 31.12.2019 Årsmeldinga vart presentert av møteleiar Egil Haaland. Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend. Møteleiar informerte om at ein tidlegare elev ved Høgskulen på Vestlandet som no skal byrja i jobb, har vitja Aktiv+ for å observere og delta i aktivitetane. Dette for å få meir inspirasjon til sin nye jobb.		

Sak 5 – Rekneskap 2019 og revisor-rapport

Sidan kasserar Karstein Lunde var vekkrest, vart rekneskapen presentert av møteleiar. Det var ingen merknadar til rekneskapen.

Vedtak:

1. Rekneskapen vart godkjend.
2. Revisor-rapporten vart teken til etterretning.

Sak 6 – Handlingsplan

Foredragsplanen for våren låg ved årsmøtepapira, og det var ingen merknader til denne. Møteleiar oppmoda dei frammøtte om å koma med forslag til foredrag.

Vedtak:

1. Forslaget om å oppretthalda dagens aktiviteter vart støtta.

Sak 7 – Budsjett 2020 og fastsetning av medlemskontingent

Kasserar Karstein Lunde var vekkrest, og møteleiar Egil Haaland presenterte budsjettet for 2020.

Vedtak:

1. Budsjettforslaget vart teke til etterretning.
2. Ikkje ordinær kontingent for medlemsskap.
3. Ved store framsyningar i sal 3 med innleige av artistar vert det teke inngangspengar når styret ser behov for det.

Sak 9 – Val

Då ingen frå valnemnda hadde anledning å møta, vart nemndas forslag presentert av Egil Haaland:

Leiar:	Irene Evensen	for eitt år
Styremedlem:	Karstein Lunde	ikkje på val
Styremedlem:	Egil Haaland	ikkje på val
Styremedlem:	Andreas Steigen, SØS	for to år
Styremedlem:	Inge Kolltveit	for to år
Styremedlem:	Gunnar Angeltveit	for to år

Vararepresentantar – alle for eitt år:

Solveig Nesse
Reimund Gulbrandsøy
Ranveig Frøiland

Revisor – for eitt år:

Leif Håkon Arefjord

Vedtak:

Styret og varamedlemmer vart samrøystes vald (med akklamasjon) i tråd med innstillinga.
Revisor vart samrøystes vald for eitt år.

Valnemd for årsmøte 2021 vart samrøystes vald:

Karstein Lunde

Mai Villanger

Rune Bildøy

Sak 10 – Avslutning

Unni Sørensen overrekte blomar til alle i styret som takk for god innsats.

Leiar takka for frammøte og ynskte velkomen til medlemsmøtet som vart avhalde umiddelbart etter årsmøtet.

Godkjenning av protokollen;


Karin Bjærum


Gertrud Garmann